

## Streif i Fagerdalen, Eksingedalen, den 6. august 2006,

der me i år vil ta turen innom alle tre stølane som ligg i dalføret.

Streifet startar ved Haugen Gard kl. 11.00.

Me fortset bortetter vegen mot Fjellanger, der me ved "bommen" tek anleggsvegen innover mot Skjerjavatnet. Ved traktorvegen opp til Fjellangerstølen,(Gamlestølen) tek me ein tur oppom stølen, der det er ei flott utsikt over til Lavikstølen, som me skal ta turen innom til slutt.

Her vil det verta fortalt om stølen, (og om Nyestølen som også tilhøyrrer Fjellanger), før me fortset ned att på anleggsvegen og innover mot Haugastølen. Vidare går turen bortom Lavikstølen, før me gjev oss i veg ned att til parkeringsplassen.

Kari Brørvik, Øksendal Gard, vil i år som i fjor, ha med seg nokre av hestane sine, så den som vil ha ein tur på hesteryggen har høve til det.

Me fortel frå stølane og om naturen rundt oss, og kokar kaffi undervegs.

Etter turen, klokka 16.00 vert det servert lokalprodusert korv, (Fagerdalskorv) m/ rotmos og poteter på Grendahuset Ljosheim.

Kake og kaffi kan ein også få kjøpa der.

Prisar; alt inkludert (guida tur og middag) vaksne kr. 200.- born kr. 60.-

Prisar; berre tur vaksne kr. 100.- born kr. 30.-



### Påmelding innan 30 juli 06.

For å finne fram til Fagerdalen og Haugen Gard følgjer du;

Frå Bergen; E 16 til Dale, vidare RV 569 mot Romarheim. Ved Modalstunnellen heldt du til høgre, og om litt kjem du til Høvik. Etter om lag 15 km. er det skilta veg til Fjellanger, følg den i ca. 1,8 km. og du er oppe ved Haugen Gard.

Frå Bergen kan du også ta E 39 om Romarheim, og følgja Rv 569 inn til Mo og vegen vidare gjennom Modalstunnellen.

Tek du til venstre etter tunnellen er du på veg oppover Eksingedalen. Følg som over.

Frå Voss følgjer du E 16 mot Bergen til Evanger og tek til høgre over brua, følgjer vegen innover Teigdalen til skilt som visar veg til Eksingedalen. Over Nesheimsfjellet følgjer du Fv 313 til du kjem ned til Nesheim. Ta til venstre og etter om lag 9 km. kjem du til vegskiltet mot Fjellanger.